

- * Greenpeace-rapport om solenergimarkedet
- * Strategi for fremme av solvarme
- * Norsk solenergiforening til Stortinget

- * Årsmøte i Norsk solenergiforening 29. februar
- * Solenergidagene
- * Saker på styremøtene

Solgløtt

Nyhetsbrev fra
Norsk solenergiforening
Årg. 1 Nr. 4 Desember 1999

Formannen har ordet:

Norsk solenergiforening har nett gjennomført eit forprosjekt finansiert av NVE: "Strategi for å fremme solvarme i Noreg". I rapporten vert ein oppdatert på stoda i ein del land og på kva som skjer i Noreg. Vi ser på ein del av støtteordningane som finnest og korleis dei slår ut for bruk av solvarme. Sjå meir om dette seinare i dette nummeret av Solgløtt. Heile rapporten er også lagt ut på Internett, www.solenergi.no.

Neste steg for Norsk solenergiforening er å lage ein strategi for arbeidet i sjølve foreininga. Vi kjem til å presentere strategien på årsmøtet som vert på Solenergidagane i slutten av februar. Programmet for soldagane er sendt ut, og vi håpar alle tek seg tid til å samlast i Oslo til eit fagleg og sosialt samvær desse dagane.

Foreininga har også fått høve til å presentere synspunkta sine for Energi- og miljøkomiteen om St.meld. nr. 29 (1998-99). Dette ser vi fram til.

Som du forstår så skjer det litt av kvart og vi utfordrar deg som medlem til å komme med synspunkt om korleis vi bør arbeide i framtida.

Solrik helsing, Karl Torstein Hetland, formann

Ny Greenpeace-rapport om solenergi

Konsulentbyrået KMPG har utarbeidd ein rapport for Greenpeace med tittelen "Solar Energy: from perennial promise to competitive alternative" som vart publisert internasjonalt i haust. Rapporten diskuterer kvifor styresmakter og industri ikkje har teke dei avgjerande stega for å gjere skape ein massemarknad for fotovoltaisk el-produksjon. Det er også gjort ein analyse av konkurransekrafta til PV-teknologien i forhold til dagens konvensjonelle energiteknologi.

KMPG konkluderer med at det ikkje eksisterer reelle teknologiske eller økonomiske barrierer mot ei rask utvikling av

PV-marknaden. Derimot har ein ein "catch 22"-situasjon mellom tilbod og etterspørsel. Viss denne floken ikkje blir løyst vil det ta minst 30 år før prisen på solceller blir låg nok til å bli konkurransedyktig.

Rapporten identifiserer berre to aktørar som kan greie å akselerere utviklinga, nemleg politiske styresmakter og PV-industrien sjølv. Det gjenstår med andre ord å sjå om politikarane er villige til å handle, eller om det framleis blir mest prat. Nettversjonen av rapporten kan du finne på <http://www.greenpeace.no/english/3media/kpmgsolr.pdf>

"Strategi for å fremme solvarme i Noreg"

Norsk solenergiforening har publisert rapporten "Strategi for å fremme solvarme i Noreg". Rapporten fokuserer på utnytting av passiv og aktiv solvarme som eit miljøvenleg og økonomisk konkurransedyktig bidrag til den norske energibalansen.

Det er mellom anna foreslått ei styrking av byggforskriftene ved overgang til bruk av energirammer i staden for å spesifisere tekniske krav til dei enkelte bygningselementa. Dermed blir fokus retta mot den faktiske energibruken i bygningen ikkje mot byggelementa sine karakteristika. Energibidraget frå passiv og aktiv solvarme må inkluderas i formelen for energigramma.

Eit viktig virkemiddel vil vere å innføre døgnvariabel energipris på elkraft, for eksempel med 10 øre lågare elpris om natta enn om dagen. Det vil gjere fleksibel oppvarming kombinert med eit varmelager privatøkonomisk attraktivt. Viss varmelager er installert vil ei tilleggsinvestering for eit solvarmeanlegg i mange tilfelle gje eit energitilskot som har ein konkurransedyktig energipris, sjølv utan subsidiering. Døgnvariabel eltariff vil vere i samsvar med kostnadane for produksjon av kraft og vil auke verdien av norsk kraftutveksling med våre naboland.

Rapporten påpeiker også at dei økonomiske virkemiddla som skal fremme bruk av ny fornybar energi, i svært begrensa grad fremmar solvarme. Det er eit paradoks at den mest miljøvenleg

energikjelda ikkje oppnår same grad av økonomisk støtte frå styresmaktene som annan energiteknologi.

Rapporten dannar grunnlaget for Norsk solenergiforening sitt energipolitiske arbeid i tida framover, og er allereie presentert overfor NVE. Utover vinteren og våren vil vi bruke rapporten som grunnlag for våre møter med dei energipolitiske styresmaktene.

Norsk solenergiforening til Stortinget

Norsk solenergiforening er invitert til høring om Stortingsmelding 29 Energipolitikken i Energi- og miljøkomiteen på Stortinget den 16. desember 1999. Dette er en felleshøringen der en rekke organisasjoner innen energibransjen er invitert. Norsk solenergiforening vil være representert ved flere styremedlemmer og generalsekretæren. En oppsummering av møtet vil bli gitt i neste Solgløtt.

Solenergidagene 2000, 28. og 29. februar

Invitasjon til Solenergidagene 2000 er utsendt til alle våre medlemmer og en rekke aktører innen solenergi- og energibransjen i Norge. På bakgrunn av responsen så langt tegner dette til å bli et viktig seminar ved inngangen til et nytt århundre. Mer informasjon finner du på www.solenergi.no, våre nye hjemmesider.

-Dette seminaret bør alle solenergi-interesserte bli med på!

ISES med analyse av energimarknaden i Afrika

"Assessing the Integrated Regional Potential for the Widespread Introduction and Application of Appropriate Renewable Energy Technologies Within SADC", er namnet på ein ny rapport frå ISES i samarbeid med Development Bank of Southern Africa (DBSA). Rapporten er finansiert av DG-XVII i Europakommisjonen. Les rapporten på:

<http://wire.ises.org/entry.nsf/E?Open&rereport&5AD5C50B90D279D4C12568320057425D>

Årsmøte i Norsk solenergiforening 29. februar

Norsk solenergiforening vil avholde årsmøte den 29. februar 2000. Møtet blir avholdt i Sommerrogata 1 i Oslo, i samband med seminaret Solenergidagene 2000. I tillegg til ordinære årsmøtesaker vil strategien for foreningens arbeid i framtiden bli behandlet. Dette vil sannsynligvis føre til at enkelte paragrafer i foreningens vedtekter bør endres.

I henhold til gjeldende vedtekter vil innkalling med program, samt rekneskap og budsjett tilstiles hvert medlem innen 14 dager før møtet. Enhver sak som medlemmene ønsker behandlet på årsmøtet må være sendt inn til styret senest 4 uker før årsmøtet. Alle saker som medlemmer eller styret ønsker å ta opp, skal nevnes på saklisten i innkallingen.

Kunngjøring av møtedato anses med dette som fullført i henhold til vedtektene. Innkalling til Årsmøtet vil bli sendt medlemmene i begynnelsen av februar.

Saker på styremøtene fram til 9. desember

Vi gjengir kort de viktigste sakene som har vært oppe på styremøtene siden forrige Solgløtt:

- 38/99 Godkjenning av endeleg rapport i Solvarme-prosjektet.
- 39/99 Program og budsjett for Solenergidagane 2000
- 45/99 Foreningas informasjonstilbud.
- 46/99 Strategi for Norsk solenergiforening.
- 48/99 Felles høring, St. meld. 29, torsdag 16. desember på Stortinget, Stortingets energi- og miljøkomite.
- 50/99 Evaluering av arbeidet i foreninga i år.

Foreningens medlemmer kan ved å kontakte general-sekretæren få tilgang til fullstendige referat fra styremøtene.

Neste styremøte 27. januar 2000.

Returadresse

Norsk solenergiforening,
c/o Oslo Energi ENØK
Postboks 2481 Solli, 0202 Oslo
Tel.: 88 02 44 66
E-post: solenergi@solenergi.no
Internett: www.solenergi.no

